



Kyrkjelydshåad for Arna



NR. 3

MARS 1986

19. ÅRG.



Han tok de tolv til side og sa til dem: «Se, vi drar opp til Jerusalem, og alt det som profetene har skrevet om Menneskesønnen, skal gå i oppfyllelse. Han skal overgis til hedningene og bli hånet og mishandlet og spytet på, og de skal piske ham og slå ham i hjel. Og på den tredje dagen skal han oppstå».

Av innhaldet:

DIVICI til Indre Arna	s. 14
Konfirmasjonsgudstenestene .	s. 9
Økonomi for bladet	s. 6
Millioner av liv	s. 12
Stor gave	s. 4
Prioriter	
åskegudstenestene	s. 9
Soknerådet i Arna	s. 11
Ny organist i Arna	s. 5
Jesu undervisning	s. 13
Møter	s. 3
Nytt fra kyrkjelydane	s. 8

GOD PÅSKE

Det gjorde Gud

Vi går mot påske og vil igjen verta minna om kva påska og påska sitt budskap betyr for kvar enkelt av oss. Uten påskebudskapet ville kristendommen vore ei død tru. Vi veit at Adam og Eva sitt fall gjorde at vegen til Paradis vart stengt. Dersom Jesus ikkje hadde kome, hadde denne vegen også idag vore stengt. For i og med deira fall, vart vi fiendar mot Gud.

I Rom. 8.7-8 står det slik: «Det som mennesket av naturen trås etter, er fiendskap med Gud, for vår vonde natur bøyer seg ikkje for Guds lov, kan det ikkje heller.

Slik mennesket er i seg sjølv, kan det ikkje vera Gud til hugnad». Dette er harde ord, men slik står det i Bibelen.

Då er det godt å kome med Bibelen sin klare tale om kva påska står for. Med Jesu død og oppstandelse vart muligheten til å kome tilbake til Gud oppretta.

I Rom 8.3 står det slik: «Det som var umogeleg for lova, av di ho var maktlaus på grunn av den vonde menneskenaturen, det gjorde Gud. For synda skuld sende han sin eigen Son i same skapnad som syndige menneske har, og heldt dom over synda i vår natur».

Så har vi menneske mulighet til å kome tilbake til Gud. Ved å tru at Jesus sona våre synder ein gong for alltid og gjennom hans oppstandelse får vi evig liv.

Johs. 3.16:

«For så elskar Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå forapt, men ha evig liv».



M.R.

MØTE

Betania, Lone

Lør. 22 Ungd.kv. BUF
Søn. 23. Søndagsskule BUF
Tor. 27. Skjærtorsdag. Nattv.møte
Søn. 30. Påskedag
Man. 31. 2. Påskedag

April

Tor. 3. IM
Lør. 5. Årsfest for NLM
Søn. 6. Søndagsskule IM
Tor. 10. NLM
Lør. 12.
Søn. 13. NLM
Tor. 17. Basar kveldsfor.
Lør. 19. Bibelskulen
Søn. 20. Søndagsskule
Eldrefest IM
Tor. 24. BUF
Lør. 26. Ungd.kv. BUF
Søn. 27. Israelsmisjonen

Gudsteneste kl. 19.00

Skirtorsdag

Gudstenesta i Arna kyrkje vert skirtorsdag kl. 19.00 ved sokneprest Øy og det vert nattverd, som rimeleg er den dagen. Det vert såleis ikkje gudstenesta i Arna kyrkje om formiddagen skirtorsdag. Dei som ynskjer å gå til kyrkje om formiddagen kan ta del i gudstenesta i Ytre Arna.

Påskeandakt på Redningshytta

Også dette året vert det påskeandakt på Redningshytta i Gullfjellet. Andakten vert kl. 13.00 ved Jens K. Hauge.

Utlodning til Kyrkjelydshuset i Ytre Arna Trekning den 2. februar 1986

Gev.			
1 Duk.....	Magne Teigland	23 Rund duk	Eli Mohn
2 Duk.....	Odd Solsvik	24 Bok	Odd Solsvik
3 Dessertsett.....	Rønnaug Holmefjord	25 Dokke m/utstyr	Anlaug Berg
4 Dynetrekk	Elisabet Frantzen	26 Fotball	Ragnar Valestrand
5 Laken	Margit Rolland	27 TV-kanne.....	Fam. Morken
6 Badehåndklaer	Anita Grinde	28 2 hekledukar	Åsta Seilen
7 Dessertsett	Dagny Blindheim	29 2 hekledukar	Grete Fjellbø
8 Dynetrekk	Olga Reigstad	30 Putevar	Heidi Vågenes
9 Laken	Aslaug Havre	31 Kniv	Fam. Sundsø
0 Hekleserviett	Fam. Rolland	32 Handduk, labbar. Anna og Henning Helland	
11 ---	Johanna Henriksen	33 Lykt	Alise Haugland
12 ---	Gunnar Rivenes	34 Handduk, labbar	Synne Holmefjord
13 ---	Marit Leknessund	35 Kaffe, sukkerboksar	Fam. Fjellberg
14 ---	Fam. Damminger	36 Labbar og sokkar	Knut Jarle Skjelbreid
15 ---	Maria Haugland	37 Konfekt	Mathilde Havre
16 ---	Sonja Margrete Stien	38 Labbar og grytelapper	Helga Eide
17 ---	Astrid Lunde Christensen	39 2 par labbar	Eli Mohn
18 Badehåndkle	Jorunn Eikerol	40 2 par labbar	Øystein Askeland
19 Bok.....	Arthur Askeland	41 Genser	Hege Revheim
20 Håndklær	Kristoffer Hansen	42 Klokkestreng	Anna Sæther
21 Lilla Hekleduk.....	Liv Hole	43 Blomster	Eli Mohn
22 Toalettsett	Agnes Mæhle	44 Gryteklyper	Bjørg Nøttveit
		45 Rosa Serviett.....	Gunnvor Mjelde

Stor gāve til Kyrkjelydshuset i Arna

Økonominemnda har teke i mot ei pengegāve til kyrkjelydshuset på kr. 113.000,-. Givaren vil vera anonym, men vi vil gjerne få lov til å rette ei takk til vedkommande, ikkje berre frå oss i økonominemnda, men frå heile kyrkjelyden. Det er slike ting som gjer oss godt og minnar oss om at Gud er med oss i arbeidet vårt og som gjev oss inspirasjon til vidare arbeid. Hjarteleg takk!

Så litt om basaren.

Kr. 34.500,- netto er eit fint resultat. Det er heilt tydeleg at denne saka opptek folk i kyrkjelyden, gevinstane strøynde på oss. Hjarteleg takk til dykk alle. Stor takk også til næringslivet i Arna som var med og støtta oss med gevinstar.

Vi hadde også mange dyktige loddsseljarar. Rekorden sette Olga Smalås med 14 selde bøker, det vert noko å slå neste gang. Likevel var det ein del som ikkje fekk kjøpa lodd, det er ting som vi har teke lærdom av, og vil retta opp ved seinare høve.

Så til slutt ei takk til alle som var med og arbeidde på sjølve basaren. Uten dykkar hjelp med åresalg, salg av kaffi og kaker, hadde ikkje basaren vorte så vellykka som den vart. I det heile var det eit døme på godt samarbeid.

Det visar også at dersom vi alle går saman vil vi makte oppgåva vår. Dessutan får vi ein ting til på kjøpet: eit fellesskap i kyrkjelyden som er svært viktig for oss alle. Ei praktisk oppgåve kan vera det som skal til for å verta kjend med andre, så neste gang vert vi endå fleire, og det gler vi oss til.

Så heilt til slutt: Vi har no samla inn 630.000,-. Byggekomiteen meiner at det endå er i minste laget for å starte bygginga, men vi vonar alle at det skal verta råd å starta gravinga i vår. Skulle det vera nokon som endå ikkje har fått gje det som de har tenkt, så står framleis tilbodet frå Vestlandsbanken om lån ved lag. Tenk over det og lat oss få høyra frå deg, men vent ikkje for lenge.

Av Erling Osland


Hovedtrekning på kyrkjebasaren 5. februar 1986 i Arna bedehus

1 Akvarell av Brusdal	Magnus Stokke	24 Årsabonn. på «Bygdanytt» Helene Halsvik,
2 Sykkel	Truls M Herland	25 Krystallvase Bjørn Tore Drage
3 Hardangersønduk	Fam. Reidar Løvås	26 Stor blomst i fletta korg Åslaug Ljones
4 Veggar	Anne Karin Fivelstad	27 Gensar Øystein Veple
5 Stålampe av dreia furu	Lillian Mæland	28 Pute Einar Askeland
6 Kikkert	Cato Gjerstad	29 Morgenkåpe Reidun Skjelstad
7 Fuglebur	Fam. Fjellteit	30 Kokelår Liv S Osland
8 Ulitteppe	Helga Oppedal	31 Sengesett Ingunn Knutsen
9 Sengeteppe	Asbjørn Padøy	32 Oljelampe Niels Petter Kjetså
10 Hekla teppe	Bruarøy	33 Grønn genser Tor Cristensen
11 Dynejakke	B. Skorpen	34 Pute Fam. Drageide
12 Kaffitraktar	Ingrid Storsæther	35 Strikka duk Markus
13 Frukostsett til 8 pers.	Margit Roseth	36 Hortensia m/blomsterpotte Fam. A. Padøy
14 Dukke m/klær	Marta Tvedt	37 Gåvekort hjå Ødegård Knut Moe
15 Trekvit kiste	Margreta Straume	38 Gåvekort hjå Arnatveit frisørsalong Are Thunes Samsonsen
16 Strykejern	Fam. Drageide	39 Fletta korg Silje Solberg
17 Duk m/trykk	Kjell Martin Myhr	40 Lyseblå genser Fam. R. Hjertås
18 Strikka genser	Jan K Livden	41 Kaffikoppar 6 stk. Ingunn B Pedersen
19 Elekt. Varmepute	Aleksander Saghaug	42 Pute Inger Sofie Fyllingen
20 Dessertglass 12 pers.	Gunnar N Borge	43 Gåvek./Arna Helseheim frisør Klara Fure
21 Skinnveske	Arne Larsen	44 Dreia trelysestake Ragnhild Rein
22 Hekla duk	Tove og Johannes Dalen	
23 Frukostsett til 6 pers.	Mally Holdhus	

NY ORGANIST I ARNA

Arna Sokneråd har på møte i februar tilsett Asbjørn Flåm som organist i Arna Kyrkje. Han tek til i stillinga 1. mars.

Vi har tatt ein prat med den nye organisten:



— Kvar i landet kjem du frå?

— Eg er frå Bygstad i Sunnfjord, men reiste derfrå etter ungdomsskulen for å gå på Åsane folkehøgsskole. Deretter drog eg til Sandane for å gå på Firda Gymnas, og etter eit år i Nord Norge i militæret kom eg så tilbake til Bergen for å studere musikk ved konservatoriet.

Asbjørn Flåm er 24 år og gifta seg i nyårshega med si Marta som også er musikkutdanna. Dei er no busett på Nordås i Fana.

— Du har gått fire år på konservatoriet?

— Ja, først gjekk eg tre år for å ta normalgraden som det heiter. No held eg på med eit fjerde år som er videreutdanning og blir betegna som den høgare graden. Eg skal ta avsluttande eksamen no til våren.

— Kva musikalsk bakgrunn har du?

— Eg har vore med i ein del kor og for tida dirigerar eg mannskoret RAN i Bergen. Dessutan er eg med i Domkantoret og i Bergen Oratorieskor.

— Kva utfordringar ventar du deg i Arna?

— Korarbeid blir vel den største utfordringa. Spesielt vil barnekoret kreve ein del trur eg. Men også spelning til gudstenester og andre arrangement vil kreve sitt. Musikken i gudstenesta skal fylgje kyrkjeartet og utfordringa vert derfor å fornya seg til kvar gudsteneste.

— Kva konkrete planar har du?

— Eg vil satse på å få igang eit barnekor fra høsten av. Det blir seinare kunngjort kva aldersgruppe dette blir for, men ein kan allerede sei at øvingsdag vert onsdagar kl. 16.30. Ellers vil sjølv sagt kyrkjekoret fortsette som før. Vidare må ein satse på å få til noko konserttilbud frå tid til anna.

Vi er viss på at det er rikeleg med utfordringar som ventar i Arna. Vi vil ynskje Asbjørn Flåm velkommen i arbeidsfellesskapet i Arna Kyrkje-lyd og ynskje lukke til i arbeidet som ventar.

ØKONOMI

Vi minner nå om den frivillige kontingenget for 1986. Bladet er svært avhengig av kontingent og gaver dersom ein skal klare utgiftena.

Frå rekneskapen for 1985 kan vi sjå at 936 personar betalte kr. 28.000,- i kontingent mens annonseintektene var ca. halvparten så store. Vidare hadde bladet gáveintekter på rundt kr. 9.000,-, slik at rekneskapen balanserer med eit lite overskudd i år. Men, trykkningsutgiftene steig kraftig ved slutten av siste år, og dette betyr at vi må auke inntektene ein god del for å få endane til å møtast også i 1986.

Vi ber derfor om at dei som har gløymd bladkontingensten i år, tar turen til postkontor eller bank og betalar inn kr. 30,- i bladkontingent for 1986.
Post- og bankgiro-nummer står på siste side i bladet.

AAN: hjelp til gravide

På flere steder rundt om i Norge er det no opprettet AAN-kontorer. (AAN = Alternativ til abort). Kontorene er bl.a. behjelpeleg med å finne frem til støtteordninger som allerede finnes. Både Oslo og Bergen har heltidsansatte ledere. Henvendelser til kontorene har økt radikalt det siste året. Kontorene har også knyttet til seg en rekke frivillige medarbeidere. (Bente Hansen, leder for Oslokontoret maner kristne til å vise respekt og stå på kvinnens side, når de i en vanskelig situasjon velger ikke å ta abort.) Bergenskontoret har telefon 32 56 77.

FELLESUTLODNING I TERMINUS HALL

Bergen og Hordaland krets av Den norske Sjømannsmisjonen arrangerer også i år en stor «Fellesutlodning i Terminus Hall», i samarbeid med 7 andre foreninger i Bergen.

Dette árvise stor-arrangementet har i mange år vert selve grunnstammen i basarinntektene til Bergen og Hordaland krets. Det har i mange år blitt gjort et stort og verdifullt arbeid av de mange «frivillige» medhjelpere til denne basaren. Men det er slik med denne utlodningen, som med alle andre arrangement, uten folk – inge suksess.

Vi håper at så mange som mulig også dette året vil være med å støtte opp om Den norske Sjømannsmisjon på kretsplan. Være med på å gjøre dette gigant-arrangementet til det som det var tenkt å skulle være, «Vårens vakreste eventyr i Terminus Hall».

Den Norske Sjømannsmisjonen er fortsatt avhengig av frivillige gaver og offervilje. Vi har i alle år møtt en enestående velvilje ute blandt folk flest. Vær med å støtt oss også denne gang. Kom til utlodningen, treff hyggelige mennesker, kjøp lodder, ta en kopp kaffe m/noe å bite i, slapp av i hyggelige omgivelser.


«Fellesutlodningen i Terminus Hall», blir i år som tidligere åpen fra kl. 11.00-21.00, 22.-26. april 1986.

VEL MØTT!

- På tide å snu! -

Under konferansen «Vern om liv og menneskeverd» uttalte professor Torleiv Austad: - Abortloven har påvirket holdningen til abort i uheldig retning. Nå er det på tide å snu! Politikernes passivitet når det gjelder å reise en bred opinion for å få redusert abort-tallet vitner om manglende moralsk mot. I det minste bør det gå an å få til en bred oppslutning om det kristne menneskesynet på tvers av trossmessige og livssynsmessige skillelinjer.

Arna Kyrkjelydsskule



KYRKJELYDSTUR TIL HAMRE KYRKJE


21. mai vert det kyrkjelydstur til Hamre kyrkje. Vi reiser med båt frå Steinestø kl. 18.00 og er tilbake ca. kl. 21.30. Det vert omvisning og andakt i gamle Hamre kyrkje. Etterpå vert det mat og kaffi i Hamretun bygdehus. Kryss av på kalendaren alt no!
Pris pr. person kr. 60,-. Ektepar kr. 90,-.

HAMRE KYRKJE

Det er noko spesielt med Hamre kyrkje. Ho verkar kanskje litt mørk og dyster ved første møte. Men ein kjenner snart at ho ber med seg ein sereigen dám både i sin ytre ham og i sine indre konstruksjonar. Hamre kyrkje er ei av dei få kyrkjene i landet som viser fram ståande byggjeiarv fra stavkyrkjetida, og deler av materialane har tidlegare vore brukte i stavkyrkjene som stod her.

Den første stavkyrkja vart reist etter vedtak på Mostertinget i 1023 i Olav Haraldssons tid. Den andre, og noko større stavkyrkja, vart truleg reist etter at Bjørgvin fekk sitt eige bispesæte i 1170.

Denne klokka er frå 1917 og veg 220 kg. Tekst: «Land, land, høy Herrens ord»



Andreas Hamre som har vore ringjar og medhjelpar gjennom mange år, dreg her i klokkesnora og kan minnast mange ringjestunder under ulike høve og i alle slags ver til ulike årstider. Svære berbelskar for dei to klokkene er innfelle i bindingsverket og sikra ved rotvaksne kneband frå digre furutre. Ingen har verkeleg sett Hamrekyrka før dei har våga seg opp dei omlag 60 ujamne trappestega dit klokkene heng. Slektsbanda bakover vert styrkte av å sjå denne heilt spesielle tårnkonstruksjonen og respekta for handverkane den gongen stig opp i deg til mållaus undring.

NYTT FRÅ KÝRKJELYDANE



Døypte

Arna sokn:

- 26.01: Tom Inge Brendsdal Bakke, døypt i Birkeland krk.
02.02: Håvard Pedersen. Døypt i Ballangen krk., og Rebekka Stephansen, døypt i Falnes kirke, Skudenes.
- 09.02: Trude Stang, Cato Gjerstad, Henrik Løseth Jansen.
23.02: Jeanette Simonsen, Silje Helen Tveit, Robert Rolland.

Ytre Arna sokn:

- 02.03: Robin Dominik Havre, Aleksander Sæle, Leif Kyrré Helgesen.



Vigde

Arna sokn:

- 01.02: Frode Arnetvedt og Iren Elisabeth Bruarøy.

Døde

Arna sokn:

- 05.02: Selma Helene Knappskog f. 1926.
11.02: Ingolf Mjelde f. 1949.
14.02: Olaf Monsen f. 1920.
18.02: Ola Espeland f. 1911.
20.02: Agathe Stokke f. 1895.

Ytre Arna sokn:

- 09.02: Knut Jørgen Kalsås, f. 1939.
12.02: Johanna Kristina Fjeld, f. 1900.
12.02: Paul Espvik, f. 1928.
13.02: Henrik Håland, f. 1914.
20.02: Lilli Angelskår, f. 1909.

- 01.03: Frode Borge og Bente Reiersen.
01.03: Ole Jakob Solberg og Sissel Agnes Tvedt.
01.03: Jan Helge Espeseth og May Britt Vie.

ÅRSFEST I ARNA KÝRKJELYD

Arna Sokneråd har vedtatt å halda årsfest for Arna Kýrkjelyd 20. april kl. 19.00 på Garnes Ungdomsskule.

Talar på festen vert res.kap. Norum i Vaksdal.

VEL MØTT!

Ofringar i kýrkjelydane

Arna sokn:

- 02.02 Kýrkjelydsarbeidet kr. 1.823
02.02 Misjonsselskapet kr. 339
09.02 Bibelskulen, Bildøy kr. 3.581
16.02 Kýrkjelydshuset kr. 2.187
23.02 IKO kr. 1.085
02.03 Kýrkjelydsarbeidet kr. 902

Ytre Arna sokn:

- 02.02 IKO kr. 582
09.02 Kýrkjelydsarbeidet kr. 571
16.02 Norges kr. ungdomsforb. kr. 395
02.03 Kýrkjelydsarbeidet kr. 820

Presten
har
ordet

Øyvind Øy



Prioriter Páskeguds- tjenestene!

Vi som bur slik til at vi kan fylgje med på trafikken gjennom Arnanipatunnelen, legg merke til at når sola skin på skirtorsdag eller langfredag er trafikken til Kvamskogen maksimal. Det ser ut til at alle skal til fjells dei dagane. Eg unner folk den oppleveling det er å kunne nyte ein skitur på snødekte viddar. Det er ei fin oppleveling! Men det undrar meg at søndag etter påske, sjølv om sola skin aldri så fint, er det god plass i fjellet. For ikkje å snakke om dei mange lør-dagane når det er fint å ta ut. Det er ein mani hos mange at nett påskedagane skal nyttast i fjellet.

Denne gongen utfordrar eg til å vere med å snu mentaliteten. Det går an å gå til kyrkje kvar helgedag og likevel få rikeleg høve til å bruke skine. Eg har ingen illusjon om at vi skal redusere billettintektene i Arnanipatunnelen noko vesentleg, men eg har tru på at det går an å få folk i Arna til å tenkje seg om og prioritere annleis. Det skal mykje til før det merkast på påsketrafikken, men alle som samlast til gudsteneste får ei enno rikare oppleveling når det er godt med folk i kyrkja, og vi kan hjelpe kvarandre med trua vår.

Mange synest nok eg tar hardt i når eg oppmodar folk til å bruke alle helgedagane i påska til å gå til kyrkje. Men påska har så rik bodskap som gjev oss det mest sentrale i trua vår,

når vi samlar oss om hendingane i samband med Jesu død og oppstode.

Sanninga er nok at langt frå alle er på reis i påska. Det er folk nok att i Arna til å fylla kyrkja mange gonger. I alle fall er det rimeleg at alle som har kristen tru brukar høvet til å samlast på den store høgtida. Difor: Prioriter påskegudstenestene!

Konfirmasjons- Gudstenester

Vi har bestemt å ha fem konfirmasjonsgudstenester i Arna dette året også, sjølv om det samla konfirmandtalet er langt mindre enn det har vore i dei seinare åra. Det vil seia at det vil bli betre plass i kyrkja ved desse gudstenestene, ut frå den fordelinga vi har gjort:

Søndag 4. mai kl. 10.00:

Konfirmantar frå Indre Arna + gutane i 8E frå Lone.

Søndag 4. mai kl. 12.15:

Konfirmantar frå Lone (resten).

Torsdag 8. mai kl. 10.00:

Konfirmantar frå Garnes/Skyggjestrand.

Torsdag 8. mai kl. 12.15:

Konfirmantar frå Ådnemarka.

Søndag 11. mai kl. 11.00:


Konfirmasjonsgudsteneste på Trengereid.

YTRE ARNA:

Det vert to konfirmasjonsgudstenester i Ytre Arna også i år:

Søndag 4. mai kl. 10.00

Søndag 4. mai kl. 12.00



Arna

Kyrkjelydsskule

inviterer til Temakveld

16. april (onsdag):

«MITT KRISTNE LIVSSYN»
innleiing v/konsulent Ove Skjoldal

Stad: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Tid: kl. 19.30 - 21.45.

Det vert innleiing om emnet, og så samtalar vi etterpå over ein kopp kaffi/te. Deltakarpris: kr. 10.-

Hytte til leige???

Økonominemnda for kyrkjelydshus i Arna er stadig i arbeid for å finne måtar å få inn pengar på.


Vi veit at mange i kyrkjelyden har hytter rundt om kring. Vi trur og at mange kunne tenkja seg å leiga ut hytta til kyrkjelydsmedlemmane og vi trur at mange vil vera interessert i å leige hytter.

Vi foreslår difor at i feriar og helger i år leiger vi hytter av kvarandre for ein fast sum, og lar pengane gå til kyrkjelydshuset. Vi ber difor alle som har hytter om å meldia seg til:

Jostein Monstad, tlf. 24 32 20 med opplysningar om kvar hytta ligg, storleik, sengeplassar og tidsrom hytta er ledig.

Når vi har fått ei liste med ledige hytter, vil den verta gjort kjend og interesserte kan meldia seg.

Vi trur at dette kan verta eit godt ferie- og fritidstilbod til kyrkjelydsmedlemmane og ein meiningsfylt måte å gjera ein innsats for kyrkjelydshuset på.



Kyrkjelydfesten i Ytre Arna

Den 2. februar hadde Ytre Arna kyrkjelyd sin årsfest. Årsmelding og rekneskap vart lese opp. Soknerådet hadde stelt til med god servering.


Ytre Arna kyrkjekor song. Talar var Ingvar Hageberg. Kyrkjeringen hadde utlodding til inntekt for kyrkjelydshuset. Dei vil takka alle som tok lodd og dei som gav gevinstar. Det kom inn kr. 5.600.

Påsken en vanskelig tid

En av Frelsesarmeens ledere uttalte i et juleintervju - Det er ikke julen som er den vanskeligste tiden for eldre og enslige i storbyen. I påsken drar svært mange mennesker ut av byen og blir borte i mange dager. Dette kan bli lange og stille dager for mennesker som elles blir avlagt et besøk. -

Soknerådet i Arna

Vi presenterar no medlemmane i soknerådet i Arna. To av representantane er ikkje med på biletene. Det er Jostein Monstad og Kjartan Hollekve. Den siste er sekretær for soknerådet.



Leif Grøteide
formann



Anne Karin Hageberg
nestformann




Turid Vie
sekretær



Dagny Midtun



Erling Osland



Svein Mjelde



Gunn-Olaug Mæland
Kvalvåg



Stein Arne Ystheim



Ellen Øgaard

Millioner av liv er reddet

Hjelpen til Etiopia når fram. Flyktningeleirene i Mekele i Nord-Etiopia har sunket fra 80.000 til 300 mennesker de siste månedene. Millioner av mennesker har reddet livet.

Men vi må ikke slutte å gi! Nå trengs det penger til langsiktige nydyrkingsprosjekter. Ellers kan sult- og tørkekatastrofen skje igjen.

Dette sier sykepleier Berte Marie Ulveseter til Vårt Land. I ni måneder har hun jobbet for Det Lutherske Verdensforbund (LVF) i byen Mekele i Tigray-provinsen i Nord-Etiopia.

Da Berte Marie Ulveseter kom ned i mai i fjor, ble hun satt rett i en leir med 12.500 døende mennesker. 30-40 av dem døde hver dag.

Situasjonen har forbedret seg jevnt. Vi har fått rikelige rasjoner med mat hele tiden. Allerede i begynnelsen av august kunne mange reise hjem for å begynne å dyrke jorden igjen, forteller Berte Marie Ulveseter.

Da hun reiste tilbake for et kort opphold i Norge, var bare seks barn tilbake til intensiv mating. Berte Marie er i den siste flyktningeleiren i Mekele, med bare 300 syke mennesker. Mange av dem er gamle og ville vært syke også uten sultkatastrofen.

— Hva skal du gjøre når du kommer tilbake?

— Jeg skal dele ut månedsrasjoner til familiene i Tigray-provinsen. De kommer en gang i måneden til Mekele for å hente sine matrasjoner. Ved siden av dette skal vi fortsette å behandle sykdommer og epidemier.



Bente Marie Ulveseter sammen med et av mange barn som har fått hjelp.

Jesu undervisning om sin død

Av Agne Norlander

Det er etter måten få stader Jesus underviser direkte om sin død. Først og fremst gjer han det når han føreåt talar om lidinga, og dessuten i samband med nattverden. Dette har ført til at einskilde forskarar hevdar den påstanden at det er den kristne urkyrkja som har gjeve Jesu død på krossen frelsande tyding. Ved lesnad av dei fire evangelia, viser det seg at Jesus i ei lang rekke av fråseigner reknar med at liding og død høyrer med til det gudommelege oppdraget hans. Vi skal kort sitere nokre av dei viktigaste fråsegnene.

— MEN DET SKAL KOME EI TID DA BRUDGOMEN VERT TEKEN FRÅ DEI, NÅR DEN DAGEN KJEM, DÅ SKAL DEI FASTE. (Mark. 2,20)

— MEN VINDYRKARANE SA TIL KVARANDRE: KOM, LAT OSS SLÅ HAN I HEL, SÅ VERT ARVEN VÅR... (Mark. 12,7)

— HO GJORDE DET HO KUNNE, OG FØREÅT SALVA HO LEKAMEN MIN TIL GRAVFERDA. (Mark. 14,8)

— FOR EIN PROFET KAN IKKJE LATE LIVET NOKON ANNAN STAD ENN I JERUSALEM. (Luk. 13,33)

I Luk. 12,50 talar Jesus om sin død som ein dåp «eg må døypast med», og «kor eg gruar meg til han er fullført.»

Legg merke til at vi etter Johannes-evangeliet møter omgrepene «fullført» også i Jesu siste ord på krossen: «Det er fullført». (Joh. 19,30). I Markus 10, 38 set Jesus uttrykket «dåp» i samband med «kalk» (skål). — Kan de drikka den skåla som eg drikk, eller ta den dåpen som eg tek? — (Mark. 10,38.)

(Sjå også Mat. 20,22)

I bønekampen i Getsemane seier Jesus: — Far, er det råd, så lat denne skåla gå meg forbi. —

Då Jesus noko seinare vert gripen, freistar Peter å forsvere Jesus med sverd, men Jesus viser han tilrettes med orda: — Stikk sverdet i slira, lyt eg ikkje drikka den skåla som Faderen har gjeve meg? (Matt. 26,39 og 42, Joh. 18, 11.)

Profetane i GT samanliknar ofte Guds vreide med ein kalk eller ei skål som anten heidningefolka eller Jerusalem har fått å drikka. I og med at Jesus nyttar dette utrykket om den død han har i vente, oppfattar han den som ei soning for syndene åt folket. Som son i lydnad mot sin far drikk Jesus vreidesstaupet til frelse for folket. (Jer. 25,15, Salme 75,9, Sak. 12,2, Jes. 51,17)

I Matteus 12, proklamerer Jesus ikkje berre sin død, men også si oppstoda. — «For liksom Jonas var tre dagar og tre netter i buken på den store fiskens, såleis skal Menneskesonen vere tre dagar og tre' netter i jorddjupet. — »

Økende behov for sjelesorg

Det er økende behov for sjelesorg og hjelp til å leve i dagens samfunn. Alle de tekniske fremskritt betyr så lite hvis vi ikke opplever at livet har mening.

Institutt for sjelesorg ved Modums Bads Nervesanatorium bygger i år ut for 4 millioner kroner og får et nybygg på 600 kvadratmeter. Hensikten med utbyggingen er å sette kristne ledere i stand til å møte det økende behovet for sjelesorg og livshjelp.

Det er kristenfolket som har reist Institutt for Sjelesorg. I forbindelse med nybygget er det nå startet en landsomfattende innsamlingsaksjon. Ønsker du å støtte den, kan du benytte postgiro 3 53 93 84 eller bankgiro 2270.09.300479. Institutt for sjelesorg har adresse: 3370 Vikersund.

DIVICI til Indre Arna

Sjette april kommer DIVICI ungdomskor, med dirigent Harald Myklebust til Indre Arna Bedehus.

DIVICI skal da ha en lovsangkveld, og «vi står på med vitnesbyrd og mye sang: solo-sang, korsang og sang av grupper», sier Harald Myklebust.


DIVICI kommer til Indre Arna i forbindelse med deres sang-weekend, 4.-6. april. Mange tidligere medlemmer av DIVICI blir også med, det blir derfor et utvidet kor som kommer. DIVICI vil da bestå av omtrent 50 medlemmer.

Musikkformen deres karakteriserer Myklebust som veldig allsidig, «Alt fra kirkemusikalske til lettere åndelige sanger».

Du er hjertelig velkommen i Indre Arna bedehus søndag 6. april kl. 17.00.



KIRKENES SOS
SENTER FOR
SAMTALE



HJELLE'S
bakeri og konditori

ESPELAND
Telefon 24 01 30

SEINSMARK · telefon 24 05 71
MANNSVERK · telefon 28 07 34
YTRE ARNA · telefon 24 08 30

TIL HVERDAG OG FEST

HJELLE's HJEMMEBAKST SMAKER BEST

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertif.

24 25 95

ÅPNINGSTIDER

Mand. til onsd.	9.00-17.00
Torsd. og fred.	9.00-19.00
Lørdag	9.00-14.00



5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

**Solstrands
Blomsterforretning**
Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

**Solstrand
Begravelsesbyrå**
Herm. Fossgr. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

**Kranser
Bårebuketter
Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09
ARTHUR HOPE

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN
VEST**
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste



**Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler**

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

**Velkommen til vår
bensinstasjon!**

**Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad**

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Velkommen til kyrkje

Mars 23

Palmes.

Mars 27.

Skirt.

Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Takkoffer til Samemisjonen.

Arna kl. 19. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Misjon bak jernteppet.

Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Nattverd.

Trengereid kl. 11. Sokneprest Øy.

Takvam kl. 16. Vikarprest Helgesen.

Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Pasjonsgudsteneste.

Ytre Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Pasjonsgudsteneste.

Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Øy. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.

Ytre Arna kl. 11. Høgtidsgudsteneste. Vikarprest Helgesen. Takkoffer til Den norske sjømannsmisjon.

Trengereid kl. 18. Høgtidsgudsteneste. Sokneprest Øy.

Arna kl. 11. Heimesekretær Kjell Bertel Nyland. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydshuset.

April 06

Arna kl. 11. Familiegudsteneste ved vikarprest Helgesen. Takkoffer.

Ytre Arna kl. 11 ved sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Kristent arbeid blant innvandrere.

Arna kl. 11. Prost Valle. Nattverd. Søndagsskule. Takkoffer.

Ytre Arna kl. 11. Studentprest Øyvind Kvarstein. Familiegudsteneste. Takkoffer til Den norske Israelsmisjon.

Arna kl. 11. Sokneprest Øy. Søndagsskule. Takkoffer.

Ytre Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS.

April 27.

Arna kl. 11. Vikarprest Helgesen. Nattverd. Søndagsskule. Kyrkjekaffi. Takkoffer.

Trengereid kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer.

Søndag er kyrkjedag.

ARNA PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39: Tlf.24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgivar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.